

# Vedtekter for Askvoll frivilligsentral

Revidert 10.04.2025

## § 1 Føremål

Askvoll frivilligsentral skal stimulere til frivillig innsats, at det er mangfaldige og opne møteplassar i kommunen og den skal vere eit bindeledd mellom kommunen og frivilligheita.

- Å vere kontaktpunkt og bindeledd mellom dei som ynskjer å yte og dei som ynskjer å motta ein ubetalt innsats i lokalmiljøet
- Å styrkje og ta vare på den einskilde og grupperingar sitt nettverk og kontaktar ved å auke frivillig engasjement i nærmiljøet og lokalsamfunnet.
- Å vere ein brubyggjar og koordinere frivillig innsats i utstrekt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, kyrkja, skulane i kommunen og næringslivet
- Å vere eit tillegg til offentleg verksemd og ikkje formidle betalte tenester

## § 2 Organisering

Askvoll frivilligsentral skal vere organisert og drivast i samsvar med gjeldande retningsliner for frivilligsentralar, utarbeida av Kulturdepartementet og interesseorganisasjonen Norges Frivilligsentraler.

Askvoll kommune er eigar av Askvoll frivilligsentral. Det er tilsett dagleg leiar i 100% stilling. Askvoll kommune har arbeidsgjevaransvar, budsjett- og rekneskapsansvar.

## § 3 Styret:

Styret er rådgjevande organ og har ansvaret for:

- Å sjå til at sentralen vert drifta etter føremåla og etter gjeldande vedtekter og retningslinjer
- Styret vedtar handlingsplan og tar stilling til satsingsområder og prioriteringa innafor dei rammene som er gjeve, og bistår dagleg leiar i spørsmål av prinsipiell karakter.
- Årsrapport og rekneskap i tråd med retningslinjer

Frivilligsentralen skal utviklast på dei frivillige sine premissar, derfor skal frivilligheita vere i fleirtal i styret. Styret skal vere samansett av 5 personar, og to varamedlem:

- Eigaren – Askvoll kommune – 2 politisk valt for den politiske valperioden. Eit medlem frå ungdomsrådet og eit medlem frå komité for oppvekst og kultur.
- Frivilligheita – 3 medlemmar som i samansetninga representarar heile Askvoll. Styremedlemmar frå frivillige lag og foreiningar/frivillige vert nominert gjennom

kunngjering. Frist for å sende inn forslag til medlemmar må vere i hende innan 1 mnd. før årsmøtet.

- Dagleg leiar er sekretær for styret.

Styret konstituerer seg sjølv på første styremøte, og vel sjølv leiar og nestleiar.

Valperioden for styremedlemmar er 2 år, styreleiar veljast kvart år. Halvparten av styret er på val kvart år.

#### **§ 4 Årsmøte:**

Formannskapet utgjer årsmøtet og er Frivilligsentralen sitt øvste organ. Møtet skal haldast innan utgangen av fyrste halvår kvart år og kunngjerast ei veke på førehand med sakliste. Dagleg leiar og styreleiar har tale- og framleggsrett. Årsmøtet er ope for alle.

- Saker som skal handsamast er:
- Godkjenning av rekneskapen
- Val av styremedlemmar
- Årsrapport
- Handlingsplan
- Vedtektsendingar

Ekstraordinært årsmøte skal haldast dersom Formannskapet eller styret krev det.